



Kvelertak. Foto: Stian Andersen

Er det ikkje herleg med sol? Hugsar du det fantastiske festivalvêret i fjor? Kvelertak og ISÁK kjem til Festidalen for å skru opp tempen. Det vert leven og stemning! Billettar ligg ute for sal.

Fredagen er no fullstappa. Kvelertak kjem rett frå konsert saman med Foo Fighters dagen før, og avsluttar fredagen i Uskedalen. Etter Hit for Hit, Gåte, Miss Tati og Iris.

Den ferske Stjernekvinnaren Ella Marie og bandet hennar, ISÁK, skal saman med Kriminell Kunst, Highasakite og Moyka fylla sommarjordet med vellyd laurdagen. Og her kjem det altså to namn til i neste veke. Følg med!

Kvelertak

Kvelertak er Noreg sitt mest vitale rockeband. Kanskje gjennom tidene. At dei vart handplukka av Metallica til å bli med på deira turné, er med på å stadfeste nettopp det. Ein kvar konsert er ein detonasjon i festrock og sjangerkryssing. Og alle rockens element haglar mot deg. Punk, Prog, hardcore, 70tals-heavy, og fullt kok på scena. Den breibeinte sekstetten er rett og slett tøffast i landet. Still opp og opplev Kvelertak sin «hårfønar», ein hitparade av galskap!



ISÁK. Foto: Jørgen Nordby

ISÁK

Ella Marie og ISÁK er eit fabelaktig fenomen som snor seg fram og inn i den norske folkesjela. Først hylla dei Mari Boine under Spellemannsprisen, så under Stjerneekamp. ISÁK, som Kvelertak, kryssar sjangrar- og finn egne uttrykk i sine vandringar på tvers. Med tradisjonell joik, urbane synthar, tekstar på både samisk og engelsk, utfordrar og utviklar ISÁK den norske popscena. Trioen er kruttsterk. Dei er td involverte med The Wombats, Alan Walker og Mari Boine. Live er dette ein oppløftande sommardraum!

Utsegn frå Daidalos:

- I ei tid der maktas idioti reiser massive murar for å skilja oss, ønsker Festidalen å samla oss kring riving av murar. Sjangermurar, sjølv sagt. Kvelertak og ISÁK er verkeleg to umake søsken i musikken. Men begge har sekken full av urkraft, språkidentitet og nasjonalhistorie når dei elegant stig over steingard etter steingard. Aldri før har me hatt fleir artistar med guts og dyktighet til å miksa sjangrar saman. Forutan Kvelertak og ISÁK, så utøver Gåte meisterleg samanfletting av folkemusikk og rock og Miss Tati er landets soleklare dronning i kryssinga av RnB, hiphop og soul. Og så har me jo humorduoen Hit for Hit som veit å gi kvar ein sjanger ein sjarmerande lusing.
- Nye musikkuttrykk gir utvida sanseintrykk.
- Joik på jordet. Sug litt på den! Og det med fancy-pants-innpakning og rytmar. Som gjer det heile både dansbart og diggbart. Det er ikkje lenge før ISÁK tar steget ut i den store internasjonale musikkverda, me skal berre nett ha dei innom Festidalen først.
- Med Kvelertak og ISAK har me stolte norske artistar som ikkje gøymer røtene sine. Ikkje spring frå språket sitt og slekta si. Tvert i mot, dei løftar det fram som berande element. Det same kan seiast om Gåte. Dette vil me ha meir av!

Tekst: Pressemelding Festidalen ved Daidalos Dahle
Kvelertak, Foto: Stian Andersen.
ISÁK. Foto: Jørgen Nordby
Nett: Hans Ordin Østebø